

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Deres ref.:
Vår ref.: 11695492

Dato: 09.06.2016

Svar på høring om søknad om løyve til å byggje 8 småkraftverk i Modalen kommune, Hordaland

Visar til brev frå NVE 31.mars 2016, ref. 201307610-9, 201300551-8, 201300375-8, 201300373-8, 200905415-9, 201300810-8, 201301019-8 og 201300220-8, som omhandlar søknadar om løyve til å byggje 8 småkraftverk i Modalen kommune; Næmdalselva, Tverråni, Budal II, Kvernhusfossen, Todeiselva, Seljedalselva, Bleidalselva og Almelidelta kraftverk.

BKK Nett er utgreiingsansvarleg for det regionale kraftsystemet i «BKK-området og Indre Hardanger» og er i tillegg netteigar av det meste av regionalnettet i denne regionen. BKK Nett er òg eigar av store delar av distribusjonsnettet i denne regionen. BKK Nett eig ikkje distribusjonsnett i Modalen kommune der dei aktuelle småkraftverka skal knytast til, men kommunen er omfatta av utgreiingsområdet vårt.

Dei 8 kraftverka ligg alle i Modalen kraftlag sitt distribusjonsnett, og i dette området er nettet bygd opp basert på leveranse til 22 kV nettet, ikkje på innlevering frå kraftverk på 22 kV nettet. Transformeringspunktet i området er plassert i eksisterande kraftverk og er tilpassa installert effekt i kraftverka. BKK Nett eig ikkje transformatorane mellom distribusjonsnettet og regional-/sentralnettet i området, men desse er eigd av BKK Produksjon.

Som utgreiingsansvarleg og eigar av regionalnettet har BKK Nett vurdert ulike tekniske løysingar for å etablere naudsynt nettkapasitet til nye småkraftverk i utgreiingsområdet. Avhengig av mengda ny produksjon som vert realisert i området må det etablerast meir transformator kapasitet i området. Dersom mengda ny produksjon er stor må det etablerast ny transformator i Hellandsfossen kraftverk, sjå Kraftsystemutredning 2016 kapittel 5.2.14 for nærare skildring av tiltaket. Dersom det er mindre ny produksjon som vert realisert kan det vera aktuelt å oppgradere distribusjonsnettet mellom Modalen og Myster, der BKK Nett planlegg ny 132/22 kV stasjon, sjå Kraftsystemutredning 2016 kapittel 5.2.15 for nærare skildring av tiltaket. Distribusjonsnettet mellom Modalen og Myster er delvis eigd av BKK Nett og delvis av Modalen Kraftlag. Eventuell oppgradering av distribusjonsnettet må difor skje i tett samarbeid mellom dei to nettselskapa.

For å kunne gje nettilknytning til alle dei planlagde kraftverka i vårt utgreiingsområde er det naudsynt å bygge ut nettet. Øvrige netttiltak i regional- og sentralnett, i tillegg til dei som er omtala over, er presentert i Kraftsystemutgreinga (hovudsakeleg i tabell 3.1), som ligg på www.bkk.no/nettleie/kraftsystem.

Venleg helsing
BKK NETT AS



Jan Ness
Seksjonssjef



Ruth Helene Kyte
Rådgjevar